



Martabu på Sandakaien er ikkje ope denne sommaren men frå klokka 9 i dag har Rabben Feriesenter opna eit alternativ: **NYSTEIKT BAKVERK!** For berre kroner 40 for brød og 15 for bollar og rundstykker kan ein få kjøpt produkta som Skorpo-bakar Marit Langballe har produsert på morgonkvisten. Tomas Myklebust bak disken kunne allereie etter ein halv time melde om 5 besøk - dei fleste av Rabben-buarar.

Ein av dei var Marianne Hansen frå Askøy (biletet) var imponert over tilbodet - som ho var det over Rabben i det heile.

- Vi var her på dagstur for stutt tid sidan og vart så imponert at vi kom attende denne helga. Og no har vi vore her heilt sidan fredag. Dette er ein ypperleg ferieplass, sa Marianne før ho sikra seg velsmakande bollar til morgonkaffien.

- Så dette er omtrent som å vera heime...

- Jau, men få endeleg med at eg eigentleg er frå Odda!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen,